



Arkivnr: 2014/19846-2

Saksbehandlarar: Per Morten Ekerhovd, Erlend Hofstad

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kultur- og ressursutvalet		21.10.2014
Fylkesutvalet		30.10.2014

## **Forslag om freding av den tidlegare tobakksbutikken Reimers & Søns efft. Høyringsfråsegn**

### **Samandrag**

Hordaland fylkeskommune har utarbeidd forslag til freding av butikklokalet til den tidlegare tobakksbutikken Reimers & Søns efft. i Olav Kyrres gate 1, Bergen kommune. Fredingsforslaget er no sendt på høyring. Butikklokalet er eit sjeldsynt og godt bevart døme på eit butikkinteriør frå mellomkrigstida, med høg arkitektonisk kvalitet.

### **Forslag til innstilling**

Fylkesutvalet sluttar seg til freding av lokalet til tobakksbutikken Reimers & Søns efft.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Anna Elisa Tryti  
fylkesdirektør kultur og idrett

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Vedlegg:  
Fredingsforslag  
Kulturminnedokumentasjon

**Fylkesrådmannen, 26.09.2014**

Butikklokalet til den tidlegare tobakksbutikken Reimers & Søns eff. ligg i Olav Kyrres gate 1, som i dag er del av kjøpesenteret Galleriet i sentrum av Bergen. Bygningen vart oppført i 1927 som del av gjenreisinga etter bybrannen i 1916. Reimers & Søns eff. heldt til her frå bygningen var ny. Dette var ei tradisjonsrik verksemd, grunnlagt i 1847 og i drift heilt til 2003. Sidan då har butikklokalet romma ein kafé. Butikklokalet peikar seg ut ved at det framleis har i behald mesteparten av den opphavlege faste innreiinga frå 1920-talet, med m.a. veggfaste hyller og fyllingspanel. Innreiinga er utført i ulike typar edeltre med utskjeringar og intarsiadekor. Hovudpreget er ein lett, elegant og fantasifull nyklassisisme, der det mørke treverket med sirleg dekor står mot ein bakgrunn av lyse, glatte murflater.

Hordaland fylkeskommune gjorde 22. oktober 2003 vedtak om mellombels freding av butikkinteriøret til tobakksbutikken Reimers, samt tilstøytande hall og utgangsparti. Vedtaket vart grunngjeve med at butikklokalet skulle leigas ut til ny verksemd frå 2004, og at heile eller delar av interiøret då kunne bli fjerna frå butikklokalet. Kafeen Augustins Kaffelade tok over som ny leigetakar, og sidan 2004 har det vore kafédrift i lokalet – i dag med namnet Anne & JC's Kaffelade.

Det er ein føresetnad at eit mellombels fredingsvedtak vert følgt opp av ei ordinær fredingssak. Fylkeskommunen meldte oppstart av fredingssak i 2010 og har utarbeidd det forslaget til fredingsvedtak som no ligg føre. I samsvar med kulturminnelova § 22 nr. 2 vert det sendt på høyring til partane i saka og lagt ut til offentleg ettersyn. Saman med høyringsmerknadene vert forslaget så lagt fram for kommunestyret, før det – med eventuelle justeringar på bakgrunn av høyringane – vert sendt over til Riksantikvaren, som fattar fredingsvedtaket. I fredingssaker er det soleis Kultur- og idrettsavdelinga som førebur saka for Riksantikvaren, medan fylkeskommunen som politisk organ i denne samanhengen er ein høyringsinstans.

Butikklokalet til Reimers & Søns eff. er eit godt bevart forretningsinteriør frå 1920-åra. Det er i dag eit svært sjeldsynt døme på butikkarkitektur frå denne perioden, og samstundes ein karakteristisk og arkitektonisk verdifull representant for mellomkrigstidas nyklassisistiske arkitektur. Rommet har ein heilskapleg, raffinert og gjennomarbeidd utforming, der materiale og handverk er av høg kvalitet. Interiøret er godt bevart, og dei fleste innreiingselementa frå 1920-åra er enno på plass. Butikklokale er generelt prega av hyppige endringar, og det høyrer til unntaka at eit slikt interiør overlever såpass intakt gjennom så lang tid. I Bergen sentrum er dette det best bevarte forretningsinteriøret frå si tid. På dette grunnlaget er Reimers & Søns eff. vurdert å ha nasjonal kulturhistorisk verdi, og det bør difor sikrast for framtida gjennom freding etter kulturminnelova.